



Det har vore opptil 16 babyar på tysdagane på TI-aren denne hausten. Her er tre som kosa seg på "bakrommet" denne tysdagen. Foran ligg ni veker gamle Torger Johan Koløy og bak sit Iselin S. Myklebust som er ni og ein halv månad og Isak S. Taranger, som er ni månader. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kafe TI-aren i Uskedalen er eit trivselstiltak både for eldre og unge. Den store oppslutnaden av mødre med babyar er det mest positive som har skjedd denne hausten ved tiltaket som Uskedalen Utvikling har igang i Gamleskulen på tysdagane. To gonger har så mange som 16 små boltra seg på "bakrommet" og ein gong var dei 15.



Trekkinga i full gang tysdag føremiddag: Frå venstre Selma Eik, Berit Harriet Døssland og Berit Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)
 Rekord-frammøtet av vaksne fann stad i slutten av september då det var så mange som 74 innom kafeen. Når ein tenkjer på at ingenting kostar meir enn 10 kroner, er salsinntektene imponerande. Gjennomsnittet på 11 opningsdagar i Oktober, november og desember har lege på rundt rekna 900 kroner eller tilsaman oppunder 10.000.

Her er besøksstatistikken for oktober, november og desember:

8. oktober 50 vaksne og seks born, 14. oktober 34 vaksne og åtte born, 21. oktober 25 vaksne og 10 born, 28. oktober 26 vaksne og 16 born, 4. november 27 vaksne og 10 born, 11. november 28 vaksne og 11 born, 18. november 20 vaksne og ni born, 25. november 26 vaksne og 15 born, 2. desember 24 vaksne og 16 born, 9. desember 30 vaksne og 10 born og 16. desember 20 vaksne og fem born.

Mange gjer ein stor dugnadsinnsats for TI-aren.

Trioen Berit Harriet Døssland, Berit Myklebust og Selma Eik har stått for eit førjulslotteri som vart trukke under kafe-opninga tysdag. Lotteriet gav over 10.000 kroner i netto til kafeen, nærare bestemt til møblar som dei så langt har lånt frå andre.

For stutt tid sidan løyva kommunen 27.000 til oppvaskmaskin, som no er på plass.

Her er vinnarane i førjulslotteriet:

Juladuk: Anne Britt Kloster
 Eplekasse: Liv og Audun Eik
 Eplekasse: Arne Terje og Mari Haugland
 Blånisselue: Bente Gundersen og Jens Skare
 Blånisselue: Markus Myklebust
 Jordbærlue: Harald og Kari Hjørnevåg
 Fruktkorg: Familien Ståle Eik
 Fruktkorg: Solveig Haugland Olsen
 Fleaspledd: Joa S. Kroka
 Fleaspledd: Gunvor Myklebust
 Barnekjole: Celine Musland
 Barnejakke: Aud og Kåre Haugland.

Av Ola Matti Mathisen